

KOMMUNALE RETNINGSLINER FOR NÆRINGSFONDET

1. Næringsfondet skal vere eit verkemiddel i arbeidet for å styrke næringsliv og busetting i kommunen. Fondet skal kunne nyttast til a fremje etablering av ny næringsverksemd og til vidareutvikling av eksisterande bedrifter.
2. Fondsmidlane kan ikkje brukast til sanering av gjeld, driftstilskot til bedrifter eller til å finansiere den ordinære drifta av kommunen.
3. Fondsmidlane kan brukast til lån og tilskot på dei vilkår og til dei tiltak som er nemnt i pkt. a-d.
 - a. Nyetteringar.
 - undersøking og planlegging i samband med etablering av ny produksjonsverksemd
 - etablerarstipend - oppstartingstilskot
 - opplæringstiltak for nyetterarar, bedriftsleiarar og tilsette
 - tiltak som kan ha karakter av pionerprosjekt/prøveprosjekt.
 - b. Utgreiingsarbeid.
 - produktutvikling
 - prosjekt som forer til auka sysselsetting av kvinner/ungdom
 - stadutvikling
 - avgrensa utgreiingsarbeid av verdi for næringslivet i kommunen, t.d. samarbeid skulen/næringsliv
 - næringsanalysar
 - næringsplanlegging
 - c. Investeringar i bedrifter.
 - f.eks. maskiner/utstyr, etablerarstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøkingar og planlegging.
 - d. Informasjon - Marknadsføringstiltak.
 - marknadsanalysar/marknadsføring retta mot arbeidslivet
 - informasjons- og PR-arbeid i kommunen
 - andre føremål som kan vere med a fremje næringsutviklinga i kommunen
 - e. Grunnlagsinvesteringar

Grunnlagsinvesteringar f eks. tilrettelegging av næringsareal, opprusting av kommunesentra og trafikkårer.
4. Generelt skal alle prosjekt som fører til auka sysselsetting for kvinner/ungdom prioriterast.
5. Som hovudregel kan ikkje samla tilskot frå næringsfondet og andre tilskot frå distriktspolitiske verkemiddel overstige 50 % av kapitalbehovet for det einskilde tiltaket.

Prosjekt som vil ha mykje a seie for a fa etablert arbeidsplassar for kvinner/ungdom og nyetteringar kan få inntil 75 % av kapitalbehovet i støtte.
6. Berre søknader under fastsette grenser for kapitalbehovet vert handsama. Desse grensene vert fastsett av Kommunaldepartementet for kvart år.
7. Etter vedtak i K-sak 82/89 har UFU delegert mynde tit a avgjere med endeleg disponering av næringsfondet i samsvar med vedtektene.

Ein gong i året skal UFU avgje rapport om bruken av fondsmidlane til Kommunaldepartementet og kommunestyret.

8. Det vert ikkje løyvd midlar til:

- Tradisjonell landbruksdrift eller anna verksemd som mottok store overføringar over statsbudsjettet.
- Teikning av aksjekapital i private verksemdar, gjeldssanering, driftstilskot, ordinære kommunale oppgåver.

9. Ledige fondsmidlar skal plasserast på renteberande konti i bank, men då på ein slik måte at midlane er disponible til ei kvar tid. Renter og avdrag skal tillegast fondet.

Kommunekasseraren fører rekneskap og syter for innkrevjing av uteståande fordringar i samsvar med vedtak.

10. Endringar av desse vedtektene skal godkjennast av Kommunaldepartementet og kommunestyret

Vedteke i kommunestyret 18.12.90 - sak 099/90 og 22.08.91 - sak 053/91.